



SANDE KOMMUNE
Økonomi- og administrasjonsavdelinga

Noregs Vassdrags og energiverk

Vår referanse
19/10144 19/10552

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Oddbjørn Indregård

Dato
20.06.2019

Sande kommune (1514) - Høyringsuttale til NVE sin nasjonale rammeplan for vindkraft på land

Kommunestyret har i møte 18.06.2019, sak 24/19, fatta følgjande vedtak:

Sande kommunestyre bed om at NVE sitt arbeid med nasjonal rammeplan for vindkraft på land vert avslutta.

Subsidiært bed Sande kommunestyre om at område Sunnmøre og Nordfjord i NVE sitt framlegg vert teke ut av rammeplanen.

Med helsing

Trond Arne Aglen
rådmann

Tove Cathrine Kvamme
Politisk sekretær

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til
Innbyggjarinitiativ v/ hallvard@stadt.no
Kjell Mork Sooet



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
47/19	Formannskapet	11.06.2019
24/19	Kommunestyret	18.06.2019

Sande kommune (1514) - Høringsuttale til NVE sin nasjonale rammeplan for vindkraft på land

Samandrag:

Olje- og energidepartementet har gitt Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å leie eit arbeid med å lage forslag til ein nasjonal rammeplan for vindkraft på land. NVEs faglige forslag ligg no føre i form av ein rapport datert 1. april 2019.

Høringsfristen er sett til 1. august 2019.

Denne saka har som formål å gi ein uttale frå Sande kommune på NVE sitt framlegg til nasjonal rammeplan for vindkraft på land.

Kommunestyret 18.06.2019:

Behandling:

Framlegg frå Sande Ap, foreslått av Arnljot Muren, Arbeidarpartiet

Sande kommune sin gjeldande kommuneplan, innehald inga opning for etablering av vindmøller på land. Dette med bakgrunn i at kommunestyret ynskjer å vidareutvikle og samordne den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale, kulturelle og estetiske utviklinga i Sande kommune, utan vindmøller.

Vidare visast det til miljøverndepartementet sitt vedtak av 2012. Det vert sitert fylgjande frå vedtaket:

Avslaget legger særleg vekt på at Haugshornet er blant dei prosjekta i regionen med lavest produksjonsforventning, samt at prosjektet kan medføre vesentleg skade på naturmangfoldet og vil ha negative virkningar for friluftslivet i regionen.

Sande kommunestyre ber derfor om at NVE sitt arbeid med rammeplan for vindkraft i Sande kommune vert avslutta.

Framlegg, foreslått av Bjørn Flatøy, Tverrpolitisk Liste for Kvamsøy, Sandsøy og Voksa

Sande kommunestyre støttar den nasjonale rammeplanen slik den ligg føre.

PRØVERØYSTING:

Framlegg frå Bjørn Flatøy fekk 2 røyster.

Formannskapstilrådinga fekk 14 røyster

Framlegget frå Sande Arbeidarparti fekk 5 røyster

Sande Arbeidarparti trekte framlegget sitt.

ENDELEG RØYSTING:

Framlegg frå Bjørn Flatøy fekk 1 røyster (Bjørn Flatøy)

Formannskapstilrådinga fekk 20 røyster, og vart vedteke.

KST- 24/19 Vedtak:

Sande kommunestyre bed om at NVE sitt arbeid med nasjonal rammeplan for vindkraft på land vert avslutta.

Subsidiært bed Sande kommunestyre om at område Sunnmøre og Nordfjord i NVE sitt framlegg vert teke ut av rammeplanen.

Formannskapet 11.06.2019:

Behandling:

Framlegg får Sande Ap, foreslått av Arnljot Muren, Arbeidarpartiet

Sande kommune sin gjeldande kommuneplan, innehald inga opning for etablering av vindmøller på land.

Dette med bakgrunn i at kommunestyret ynskjer å vidareutvikle og samordne den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale, kulturelle og estetiske utviklinga i Sande kommune, utan vindmøller.

Vidare visast det til miljøverndepartementet sitt vedtak av 2012. Det vert sitert fylgjande frå vedtaket:

Avslaget legger særleg vekt på at Haugshornet er blant dei prosjekta i regionen med lavest produksjonsforventning, samt at prosjektet kan medføre vesentleg skade på naturmangfoldet og vil ha negative virkningar for friluftslivet i regionen. Sande kommunestyre ber derfor om at NVE sitt arbeid med rammeplan for vindkraft i Sande kommune vert avslutta.

Framlegg frå Bjørn Flatøy, foreslått av Bjørn Flatøy, Tverrpolitisk Liste for Kvamsøy, Sandsøy og Voksa

Sande kommunestyre støttar den nasjonale rammeplanen slik det ligg føre.

Det vart halde gruppemøte.

Bjørn Flatøy sitt framlegg fekk 1 røyst, og fall. (B.Flatøy)

Framlegg frå Sande Ap fekk 2 røyster, og fall (Ap)

Rådmannen si tilråding fekk 4 røyster, og vart tilrådd

FSK- 47/19 Vedtak:

Sande kommunestyre bed om at NVE sitt arbeid med nasjonal rammeplan for vindkraft på land vert avslutta.

Subsidiært bed Sande kommunestyre om at område Sunnmøre og Nordfjord i NVE sitt framlegg vert teke ut av rammeplanen.

Rådmannen si tilråding:

Sande kommunestyre bed om at NVE sitt arbeid med nasjonal rammeplan for vindkraft på land vert avslutta.

Subsidiært bed Sande kommunestyre om at område Sunnmøre og Nordfjord i NVE sitt framlegg vert teke ut av rammeplanen.

Vedlegg:

Innbyggjarinitativ vedrørande NEI TIL VINDKRAFTUTBYGGING i Sande Kommune
Kartskisse som viser NVE sitt område over Sunnmøre og Nordfjord
Kartskisse som viser NVE sitt område over Sunnmøre og Nordfjord
Vindkraftutbygging i Sande
Vindkraftutbygging i Sande

Saksopplysningar:Høyring på framlegg til nasjonal rammeplan for vindkraft på land.

Olje- og energidepartementet har gitt Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å leie eit arbeid med å lage forslag til ein nasjonal rammeplan for vindkraft på land. NVEs faglige forslag ligg no føre i form av ein rapport datert 1. april 2019: http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf.

Rapporten inneheld eit samla kunnskapsgrunnlag om verkanden av vindkraft på land og eit kart: <https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme> med forslag til det NVE meiner er dei mest eigna områda for lokalisering av ny vindkraft.

I NVEs forslag er det pekt ut 13 områder som direktoratet meiner er dei mest eigna for vindkraft på land i Norge. Også innanfor dei utpeikte områda vil det vere område som ikkje eignar seg for vindkraft på grunn av konflikt med viktige interesser, eller som følge av mindre gode vindressursar. I flg NVE sjølv har dei lagt vekt på å unngå konflikte med viktige naturområder, og tatt betydelige omsyn til aktuelle tema, for eksempel friluftsliv, støy, fugle- og dyreliv, kulturminne og reindrift.

NVEs forslag er retta inn mot framtidige utbyggingar av vindkraft. Pr dd er det alt gitt konsesjon til nesten 23 TWh vindkraft i Norge. Av dette er pr dd rundt 10 TWh i drift eller under utbygging. NVE har avslått omlag 60 prosent av alle innsendte vindkraftplaner.

Olje- og energidepartementet vil legge til rette for god lokal og regional medverknad. Departementet ønsker innspel til NVEs forslag til nasjonal ramme og til om det bør fastsettast ei nasjonal ramme for vindkraft i Norge. Departementet legg opp til fleire regionale innspelsmøter fram mot sommaren for å bidra til at lokale og regionale aktørar kan gi gode høyringsuttalar. Departementet vil gjennomgå NVE sitt forslag og høyringsuttale før det vert teke endelig stilling til politikken for vindkraft på land. Høyringsuttalen kan avgis digitalt på regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing--nves-forslag-til-en-nasjonal-ramme-forvindkraft-pa-land/id2639213/> . Også andre enn dei som står på høyringslista står fritt til å uttale seg. Høyringsfristen er sett til 1. august 2019.

Status pr i dag

I flg NVE er det pr 2018 35 vindkraftanlegg som er i produksjon i Norge, og desse produserer 5,3 TWh. Vidare pågår det bygging av 13 nye vindkraftanlegg. Når desse er ferdige og sett i drift vil den samla produksjonen av vindkraft vere på om lag 12,2 TWh.

Det er også 37 vindkraftprosjekter som har fått konsesjon, men som ikkje har starta bygging. Desse 37 konsesjonane har ein estimert produksjon på om lag 10,7 TWh.

Det er i dag uklart kor mange av desse konsesjonane som vert realisert.

I vårt område (søre sunnmøre og ytre nordfjord) er det i dag Mehuken vindpark (Vågsøy kommune) som er i drift med 11 stk vindmøller. I tillegg så er det gitt ein konsesjon i Selje kommune (Orkla) som ikkje er utbygt (samt ein testkonsesjon for flytande anlegg). Så har vi Haugshornet Vindkraftverk (Sande kommune) som ikkje fekk konsesjon (2008).

I NVE sin konsesjonsbehandling av planane for Haugshornet i 2008, vart ei utbygging av Haugshornet Vindkraftverk vurdert å ha større ulemper enn fordelar. Denne konklusjonen var basert på følgande vurderingar:

- Vindressurssen i planområdet var ikkje så gode som først antatt.
- Produksjonsforventningane vart lågare enn ført antatt.
- Klimatisk forhold i planområdet kunne medføre ising på turbinblad.
- Sommar- og vinterutfart i planområdet.
- Fugleliv i planområdet.
- Offentlege mynder viste til konflikt med nasjonale miljømål.

Etter at NVE har starta høyringsprosessen har Sande kommune fått følgande innspel:

- Felles brev frå idrettslaga i Sande kommune som stiller seg negative til utbygging av vindmøller i vårt område (vedlegg 1).
- Innbyggjarinitiativ «Nei til vindkraftutbygging i Sande kommune» der initiativet oppmoda dei folkevalde til å gi eit kalrt nei til all utbygging av denne art i vår kommune (vedlegg 2).

Vurdering og konklusjon:

Område og områdeavgrensing

Eitt av dei 13 områda NVE har peikt på som godt eigna for vindkraftutbygging går fram av vedlagte kartskisse. Området strekker seg frå Hareidlandet i nord til Nordfjorden i sør, og rører ved om lag 1000 km² gjennom 9 kommunar.

NVE omtaler dette området slik:

«Sunnmøre og Nordfjord har gode produksjonsforhold for vindkraft. I et kraftsystemperspektiv er området veldig godt egnet for ny produksjon, sammenlignet med andre områder.

I det utpekte området er det viktige miljø- og samfunnsinteresser knyttet til blant annet til landskap, friluftsliv, reiseliv og kulturminner. Våre overordnede analyser tilsier imidlertid et lavere konfliktnivå i dette området enn i store deler av landet. Fra et nasjonalt perspektiv, framstår Sunnmøre og Nordfjord derfor som et av de mest egnede områdene for ny vindkraftutbygging i Norge.

I dette området kan det være plass til små eller mellomstore vindkraftverk på enkelte spredte fjell som kan være egnet for vindkraft.»

Avgrensingar av området omtaler NVE slik:

«Området dekker kystnære arealer mellom Ålesund og Nordfjord, og avgrenses i øst av Vartdalsfjorden og Dalsfjorden. Dette er et naturgeografisk særegent landskap, som er preget av næringskyst. Vegetasjonen er definert som boreonemoral og sørboreal, men med innslag av alpin sone ned mot 500moh. helt ut mot kysten, på grunn av de tøffe værforholdene.

Arealet utgjør den nordlige delen av analyseområde 20. I sør og vest følger grensene analyseområdegrenser og grenser for eksklusjonsforslag fra Miljødirektoratet. Den nordøstligste delen av det opprinnelige analyseområde 20, på Sula, er utelatt på grunn av blant annet virkninger for reiseliv, bebyggelse og friluftsliv. Øst for det utpekte området har vi utelatt et område i Volda og Eid kommuner, hovedsakelig på grunn av for krevende topografi.»

Analyser

NVE har gjennom sitt arbeid fått utarbeidd eit omfattande sett med analyser innan følgjande tema:

· Nettkapasitet	NVE
· Produksjonskostnader for vindkraft	NVE
· Naturmangfald og friluftsliv	Miljødir
· Landskap	Miljødir og Riksantikvaren
· Kulturminner- og miljø	Riksantikvaren
· Reindrift	Fylkesmannen
· Forsvarets interesser	Forsvarsbygg
· Reiseliv	NVE
· Elektronisk kommunikasjon	NVE
· Sivil luftfart	NVE
· Værradarer	NVE
· Nærvirkninger	NVE
· Andre interesser	NVE

For meir info om avbøtande tiltak, vektning i samband med konsesjonsbehandling, mm viser vi til NVE sin rapport – del C.

Innhaldet i analysene er ikkje vidare vurdert gjennom dette saksframlegget. Det er likevel slik at alternative fornybare energikilder utover vindkraft ikkje har vore ein del av oppdraget til NVE, og er følgelig heller ikkje ein del av analyseområdet. I ei sak med så omfattande konsekvensar, så vert NVE sin rapport som beslutningsgrunnlag svekke når slike alternativ energikilder ikkje går fram i analysegrunnlaget. Det mest nærliggande alternativa er effektivisering av eksisterande vasskraftanlegg. Vidare så er offshorevind, solenergi og jordenergi teknologiar som utviklar seg raskt og er mykje nytta globalt.

Regional og lokal verknad av naturinngrep i samband med evt utbygging

Som nemnt er NVE sitt område i nord vorte redusert som følgje av verknad for reiseliv, bebyggelse og friluftsliv.

Det avmerka område strekker seg frå Breisundet/Storfjorden i nord til Nordfjorden i sør. Desse fjordane, med Rovdefjorden i mellom, er «sjøporten» til reisemål som Geiranger, Hjørundfjorden, Loen og Olden. Oversikter frå Ålesund Hamn og

Nordfjord Hamn viser at det er om lag 350 cruiseskip som skal segle i desse fjordsystem i 2019. I tillegg kjem den daglige kystruta gjennom Hurtigruta som har Geiranger og Hjørundfjorden på si seglingsrute sommarhalvåret, samt eit veksande volum av store og små fritidsbåtar.

Den nasjonale politikken innan reiseliv er omtalt i ei eiga stortingsmelding (St.meld. 19), og har slik innleiing:

«Reiseliv er en av verdens raskest voksende næringer. Økt globalisering gir nye vekstmuligheter for utvikling av den norske reiselivsnæringen. Den gir arbeidsplasser og lokal utvikling, ikke minst i mange distriktskommuner. Norge har en storslått natur, et rikt mangfold av kulturminner og et kulturliv som fanger internasjonal oppmerksomhet på stadig flere områder.»

2016 ble nok eit rekordår for norsk reiselivsnæring, etter sterk vekst i antal besøkande også i 2015. Tal frå Statistisk sentralbyrå vise ei klar auke i antal overnattingar, både i vinter- og sommarsesongen. Sjølv om fleirtalet av dei reisande fortsatt er frå Norge, er auka størst frå utlandet. Antal utanlandske besøkande til Norge har sidan 2010 auka meir enn den gjennomsnittlege oppgangen internasjonalt.

Det er liten tvil om at vår natur får stor merksemd i vår profilering av reiselivet både regionalt, nasjonalt og globalt. Vidare er det liten tvil om at den turismen som besøker vårt område gir positiv respons på denne naturen. Det er høgst uklart i kva grad ein kan pårekne å kunne utvikle reiseliv og vindkraft i same geografiske område framover – reiselivet sjølve konkluderer med at vindkraftindustri er ueigna i reiselivsområder.

Siste åra har det lokalt i Sande kommune vore lagt ned mykje arbeid i å merke turstiar i vår fjellheim. Arbeidet har vore gjort av frivillig lag og har vorte finansiert gjennom statelige tilskot og dugnadsarbeid. Arbeidet har resultert i ei betydelig bruksauke av fjellområda – både av lokalbefolkninga, men også av befolkninga i heile regionen.

Idrettslaga i hhv Gjerdsvika, Gursken og Larsnes har over år hatt «toppbøker» på «sine toppar». Om ein les desse «toppbøkene» for 2018 så ser ein at om lag 25.000 personar har signert seg inn i desse bøkene. Det reelle antalet besøkande er mest trulig vesentlig større.

Overnemnde besøkstal vise at den lokale fjellheimen på Gurskøy er eit betydelig friluftsområde av både lokal og regional verdi. Med så høge «besøkstal» må ein også legge til grunn at der ligg ein betydelig folkehelsegevinst i det friluftslivet som vert utøvd i vår fjellheim. Det er ukjent om det ligg føre noko dokumentasjon som viser kva verknad eit vindparkanlegg har for dei kvardagsaktivitetane vi lokalt nyttar fjellheimen til. For nokre vil ei utbygging gjere fjellheimen meir tilgjengelig, men for dei aller fleste så vert mest trulig ein inngrepsfri natur meir verdsatt enn lettare tilgjengelegheit.

Økonomiske verknader for kommunane.

Eit vindkraftanlegg betalar i dag skatt på overskot og eigedom i hht det generelle regelverket i skattelovgivninga. Dette betyr altså at kommunar som har

vindkraftanlegg og som har innført eigedomsskatt, også får inntekter frå slike anlegg.

Roan kommune er ei kommune som siste tida har fått oppmerksomhet som vertskap for store vindkraftanlegg. Roan kommune har også innført eigedomsskatt, og får dermed inntekter frå sine vindkraftanlegg.

Roan Vindpark er den første parken av totalt 6 store vindparker som skal etablerast i Fosen-regionen fram mot 2020. Denne parken består av 71 vindmøller med tilhøyrande infrastruktur. I flg Roan kommune sine eigedomsskattelister er Roan Vindpark taksert til 2,5 mrd - dette gir ein eigedomsskatt på 17,5 mill. Eit anna eksempel er Bessakerfjellet Vindpark, som vart sett i drift i 2007, og består av 25 vindmøller. Dette anlegget er taksert til 450 mill og gir med ein eigedomsskatt på 3 mill.

Det pågår eit arbeid for å sjå på endringar i skattelovgivninga. Eigedomsskatt på «verk og bruk» er alt endra frå 2019 – og anlegg som tidlegare kom i denn kategorien vert heretter definert som næringseigedom.

Myndigheitene har sett ned eit «kraftskatteutval» som skal vurdere framtidig beskatning av kraftverk, herunder også vindkraftverk. Korleis utvalet sitt endelege framlegg vert og korleis vedtaka vert er pr i dag uklart, men nokre innspel og konsept peikar på ein naturressursskatt i kombinasjon med ein grunnrenteskatt.

Kort om naturressursskatt:

Naturressursskatt er en særskatt for kraftforetak, og pålegges det enkelte kraftanlegg. Den tilfaller kommuner og fylkeskommuner, og beregnes av kraftverkets gjennomsnittlige produksjon de siste syv årene.

Naturressursskatten er overskuddsuavhengig, og kan utlignes krone for krone mot ordinær inntektsskatt. Det betyr at dersom man ikke går i overskudd eller overskuddet er mindre enn naturressursskatten, kan differansen trekkes fra senere skatteår. Skatten vil da ikke medføre økt skattebelastning for utbygger, men bare en vridning fra statlig til kommunal beskatning. Det er rimelig at deler av skatteinntektene tilfaller kommuner som med sin natur bidrar til å nå nasjonale målsetninger om økt fornybar energiproduksjon.

Kort om grunnrenteskatt:

Grunnrenteskatt ble innført for vannkraftsektoren gjennom kraftskattereformen i 1997 og tilfaller staten. Grunnrenteskatten beregnes på grunnlag av produksjon time for time, multiplisert med spotpris, med fradrag av driftskostnader og avskrivninger.

Konklusjon

Vindkraftanlegg på land medføre svært store fysiske naturinngrep som ikkje er reversible for komande generasjonar. Vindkraftanlegg på land vil også ha negativ verknad på naturmangfaldet.

Område Sunnmøre og Nordfjord er ein region med aukande satsing på reiseliv, men reisemål som bl.a. i dag står på verdensarvlista og med eit stort potensiale

innan reiseliv. Reiselivet sjølve viser til at ein kombinasjon av naturbasert reiseliv/opplevingar og omfattande fysiske naturinngrep er ein svært dårlig kombinasjon.

Alternativa til vindkraft er i dag til stades. Den største effektane vil ein kunna få ved å effektivisere eksisterande vasskraftanlegg. Andre alternativ er havvind – der norske verksemdar i dag leverar teknologiar både til nye prosjekter og til ein voksende ettermarknad.

Signala frå våre innbyggjarar i Sande og regionen for øvrig er tydelig i retning av å verne om vår lokale fjellheim for større fysiske naturinngrep.

Sentrale skatte- og avgiftsordningar vil kunne gi Sande kommune inntekter frå vindkraftverk. Det er all grunn til å tru at ein også fram i tid vil ha ei skattlegging for slik type verksemd, men i kva grad skattlegginga tilfell kommunen eller staten er det i dag ikkje eintydige svar på.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ikkje aktuelt.

Konsekvensar for folkehelsa: Sjå over

Miljøkonsekvensar: Sjå over

Økonomiske konsekvensar: Sjå over

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: Sjå over

Trond Arne Aglen
Rådmann